

Mottatt 26 JUNI 1991

Arne

①

# FRAM KAMERATAR

Meldingar, drøftingar, ris & ros for Sør-Trøndelag AKP

Trondheim 19.mai 1991

## Nye Fram kameratar.

Dette er første gongen vi gir ut eit nummer av FK som både skal fungera som eit "Styreblad" og som eit debattblad for alle medlemma. Vi håpar at det vil visa seg å vera vellykka, og at det blir eit blad som blir lest like grundig som TF/KK - for å bruka ein uhøgtidleg - kanskje vanhelligande - samanlikning. Denne gongen blir det berre einvegsstoff, men det er framleis mulig å senda inn stoff til bladet.

FK vil komma ut ein gong i månaden unntatt om sommaren.

Har de stoff, så send det til AKP, Prinsensgt.14 og merk det med "PC" (Pål C. 1). Då kjem det fram. Og dersom de vil ha ein prat med skrivaren, så ring meg på jobben tlf.90 0 og spør etter Ivar H.

## Innhald.

Side	1	Om tryggleik og nye vedtekter.
"	2	Lagskartlegging.
"	4	Høstens studieopplegg.
"	4	Sirkelleiarar trengs.
"	4	"Solkur" danna
"	5	Midt-Østen-seminar 24.5.
"	5	Kasserarkonferanse 30.5.
"	5	Ris & ros.
"	5	Betaling av Nei til EF-merker.
"	5	Rutinene framover.
"	5	Månedens sitat.

## Om tryggleik og nye vedtekter.

Dei nye vedtektene som blei vedteke på Landsmøtet i høst, skil seg på mange måtar frå dei gamle. Skal ein formulera det kort, så er det nå åpna for fri sikt internt og fortsatt gjerder mot det og dei som er utanfor.

Dette betyr at vi held skjult for ikkje-medlemmer kven som er medlem, kor mange vi er og i hovedsak korleis vi er organisert. Dette er interne forhold. Om ein er medlem, er ein sak som det ikkje vedkjem andre å blanda seg i, med mindre ein er offentleg eller står fram sjøl.

Eg tek dette oppatt, for den undersøkinga som blir referert nedanfor, avdekkjer mange tilhøve som tidlegare ikkje var kjent for andre enn ein handfull leiande medlemmer.

Distriktsstyret har vedteke at lagsundersøkinga skal bli gjort kjent for alle medlemma. Dette blei gjort fordi det er viktig at alle nå veit korleis stoda i røynda er, så vi har ein sams basis å føra drøftingar på.

Altså, opplysningane er interne og FK må handteras slik vi handterte interne blad i gamle dagar. Brenn det når det er utlest.

Lagskartlegging.

Rundt 20.4. blei det gjennomført ei kartlegging av laga i Sør-Trøndelag. Det blei gjort ei oppsummering på DS-møte 27.4., og som nevnt tidlegare, blei det og vedteke at hovedpunkta skulle ut til alle medlemma. Alle lag har tidlegare fått ein kopi av rapporten som skulle refererast for medlemma.

(DET FØLGANDE VAR VEDLEGG TIL SPØRRESKJEMA.)

Kva må gjerast?

Det har ikkje vore så mykje fart i oss i det siste. Vi er blitt færre, vi sel ikkje så mange KK, vi vervar ikkje så mange nye abonnentar, vi held ikkje så mange studiesirkklar, vi studerer (truleg) mindre - vi er alt i alt mindre aktive i klassekampen i Norge.

Dette kan ha (og har vel?) mange årsaker. Vi kan gruppera dei:

- vi har ikkje dei same ideane om mål og meining med det kommunistiske partiet
- vi har blitt eldre og har funne oss til rettes i det borgarlege, kapitalistiske samfunnet (arbeid, hus, heim, familie - alt ordna)
- klassesamansettinga vår er endra - vi er rett og slett ikkje så undretrykte lenger
- vi har ein konflikt mellom ulike linjer når det gjeld parlamentarisk arbeid som syner seg når det gjeld RV og AKP
- vi har nye vedtekter og program som m.a. har endra det vi kallar tryggleik (sikkerhet) og fjerna det meste av dei interne skillelinjene mellom laga

studier - aktiv klassekamp - organisasjonsarbeid

Desse fire orda femner truleg dei felte som vi må ta fatt i for å gjera oss tilaktivistiske kommunistar (igjen?).

Arbeidutvalet i DS har ikkje gjennomdrøfta situasjonen i distriktet. Men vi har alt nå vedteke å kartlegga tilhøva i laga gjennom ei

organisasjonskartlegging.

Org.ansvarleg i AU, undertekna Pål Cj [redacted] n (PC), vil ha eit møte med kvart av laga. Det blir då ein gjennomgang av alt som vedkjem det organisatoriske arbeidet i laget etter eit spørreskjema. Og det skal enda i ein rapport som vil bli drøfta på DS-møte. Meininga er å unngå synsing når det gjeld tilhøva i laga. Sikra data og tal.

For å få til dette må laga leggja fram det som finst av rapportar og protokollar frå dei tre siste åra på møtet.

Med helsing PC (Pål C [redacted]).

STATUS I DISTRIKTET

Medlemmer / tidspunkt. Pr.1.1.1991

Nr.	Lagets navn	1.1.89	1.1.90	1.1.91	27.4.91	Arb. ere	Kvi nne
25	Distriktet	5	5	6	6	1	3
40	Industri	11	10	9	9	9	3
46	Bygning	12	13	13	11	9	4
48	Statsarb.	8	9	9	9	8	0
63	Helse	16	14	14	13	0	13
67	Sintef	6	6	6	6	0	1
82	Lerar	16	14	7	6	0	3
86	Sosial	11	10	10	8	0	5
90	Miljø	5	5	5	5	0	1
91	Internasj.	8	15	10	9	2	3
	Totalt	98	101	89	82	29	36

	1.1.89	1.1.90	1.1.91
% arbeidere	31	33	33
% kvinner	43	44	40

Verving 1.1.89 - 1.1.91            2 stk

Kan de tenka dykk å spør ikkje.medl. om å bli med i laget?  
4 lag svara "ja"

Kor mange vurderer å melda seg ut?    12 medl.

Kor mange fryktar de vil melda seg ut? 9 medl.

Lagsmøter pr år: frå 9 til 17 stk. (Snitt: 11-12)

KK-seljarar: 43 medl.(48 %) + 8 ikkje-medl.

"Aktivistar"    65 stk. (79 %)

VEDTAK som blei gjort av DS:

- Alle avd. drøftar org.rapporten.
- Styreblad og FK slås saman til FK-medlemsflak.
- "Rutine" blir "kortvisitt" av org.ansv. 1x/mnd. Første gong 22.mai.

- Alle avd. fattar vedtak om interne rutiner:
  - protokollar / statistikk (frammøte/KK-sal etc)
  - rekneskap og revisjon av dette årleg
  - målsettingar - individuelt og for laget samla
  - "Opprør" i kommisjon.

Høstens studier.

Det er vedteke ein plan for studier og studiemøte for dei to neste halvåra. Hovedpunktta i planen blir summert her.

A. Partistudier.

Tema 1. Hva slags sosialisme er mulig?  
 Uke 45: Plenumsinnleiing i P-14  
 Uke 46-48: Lagsmøter. (Evt.2 og 2 lag).  
 Uke 49: Plenumsdebatt.

Tema 2. Grunnlaget for kvinnundretryking og partiets  
 kvinnepolitikk.  
 Nyåret 1992 - Plenum / lagsbeh.

B. Andre studieoppgaver.

1. Apne møter i P-14.  
 Uke 32-36.

✕ 2. Studiesirkel i marxisme - RU-sirkel.  
 Uke 40-46? Avklares med RU.

✕ 3. Internasjonal sirkel ("Etter Golfkrigen")  
 For 3V-aktivister og studenter.

4. Ett eller to partier?  
 Jan 92 - Plenum i P-14 og lagsmøter?

✕ Til dette trengs det sirkelleiarar. Og vi oppmodar alt nå laga til å ta opp dette og få medl. til å prioritera det. Vi trur det er store muligheter for å verva folk til sirklar nå - så det kan bli spennande jobbar!

Solidaritetskomiteen for kurderne.

"Solkur" er danna 1.mai med norske og kurdiske folk i leiinga. Dermed er det kanskje sjanse for eit forum som kan jobba samlande med politikk i det kurdiske miljøet.

Leiar i Solkur er Bernt Hauge, og adresse er Internasjonalt senter.

Solkur er medarrangør av Golfseminaret 24.5.

Krigen er slutt - Midt-Østen brenner!

Dette er titelen på Golfkomiteens seminar 24.5. kl.1730-2200. Det er eit samarbeidsprosjekt med m.a. AKP som medarrangør. Det blir innlegg av folk frå AKP (Peder M.L.) Venstrevind, Palkom, Solkur og rosinen i pølsa - Kjell Gjerseth som med sitt foredrag avsluttar kvelden før diskusjonen tar til.

Prisen er 50kr (30 for stud./Ungd) og det går føre seg i Bibliotekets Rådssal. Ein fin sajnse til å lera meir om Midt Østen akkurat nå.

Kasserarkonferanse 30.5.

Hugs på å senda kasseraren på denne konferansen frå laget.

Ris & ros.

Det er ikkje ris på lista mi denne gongen, men det er ein heil bukett med ros. For alt det som skjedde 1.mai fortener godord. Det var ein svært vellykka frokost som det Internasjonale laget får æra for. Ialt 110 batalande og 50-60 barn. Så var det eit framifrå tog med klår anti-EF-profil. Kanskje det klåraste i landet? Og det er det vel ikkje får gale å rosa våre folk i Samorg for? Arne, Rolf og Frode og fleire til skal ha roser for det.

I toget gjekk det mellom 3000 og 3500 folk. I Nei til EF-seksjonen var det 1350 og i anti-imp.seksjonen var det 650. (Våre eigne tellarar.)

Seinare var det barnefest i Bakke bydelshus, og festen om kvelden var i regi av Industrilaget vårt. Vel blåst!

Betaling av Nei til EF-merker.

Dei mottatte merkene skal betalast på den giroen som følgte med.

Neste rutine.

Neste rutine blir torsdag 20.juni. Lagsleiarane må merka seg datoen.

Hvor kommer de riktige tankene fra? Faller de ned fra himmelen? Nei. Er de nedlagt i bevisstheten fra fødselen av? Nei. De kommer fra den sosiale praksis og fra den alene. De kommer fra tre slags sosial praksis, nemlig fra produksjon, klassekampen og kampen for vitenskapelige eksperimenter.

Mao Tsedong "Hvor kommer de riktige tankene fra" (1963)

**TOM SIDE**